



FESTER og HØGTIDER i barnehagen

2019



Innleiing

Gjennom året markerer vi ein del fester og høgtider i barnehagen.

I rammeplan for barnehagen står det at barnehagen skal la barna få kjennskap til fortellingar, tradisjonar, verdiar og høgtider. Daggry barnehage har utvida kristen formålsparagraf, og difor har vi hovudfokus på den kristne bodskapen i adventstida og i vekene før påske.

Dei fleste av festane er for borna i barnehagetida, men vi har og festar der foreldre og søsken er invitert til å delta.

På personalmøtet i august vert det sett opp komiteer til alle festane, kvar avdeling får ansvar for 2 fester / større aktiviteter i løpet av året.

Det vert laga eit eige tillegg for personalet til dette heftet, med prosedyre og innkjøpsliste for kvar fest.

Haustattakkefest (september)

I september har vi haustattakkefest der vi har fokus på kva vi hauster i frå naturen. Alle pyntar på avdelingane sine i hauftfarger, og vi har felles fest i storsalen der vi får besøk av nokon frå kyrkja som har innslag i samlinga. Vi har fokus på å vere takknemleg for skaparverket og alt det gode vi får hauste.

Avdelingane (barn og vaksne) lagar lapskaus/grønnsaksuppe til mat.

Kosedyrfest / Tema-fest («Hakkebakkeskogen») (november)

I november har vi kosedyrfest i barnehagen. Alle barna tek med kvar sitt kosedyr som får spesielt fokus denne dagen, og tek dei også med til fellesfesten i storsalen. Vi har noko ekstra kos til lunsj.

Foreldrekaffi (januar)

I januar inviterer vi foreldre og søsken til «hentekaffi» i barnehagen. Vi serverer noko å bite i, og ein kopp kaffi i hentetida, mellom kl.14.30-16.30.

Karneval og fastelavn (februar)

I februar har vi karneval i barnehagen. Vi har felles fest i gymsalen for alle barna, også dei som i utgangspunktet ikkje har plass den dagen. (dei får kome frå 9.30-12.00). Alle kjem ferdig utkledde til barnehagen, vi har felles samling i storsalen, det er «katta i sekken», og vi har pølse med brød til mat.

Ope hus (mars)

Vi inviterer til OPE HUS i barnehagen ein ettermiddag i mars (kl 17.30-19.30). Her er det loddsgalg og matsalg, og barnehagen er open for alle som vil kome. Det vert sett inn annonse i lokalavisa om arrangementet, og plakater vert hengt opp rundt i kommunen. Inntekta går til

våre 4 fadderbarn i Etiopia, og til leiker og utstyr til barna i vår barnehage. Arrangementet er Daggry sin måte å feire den offisielle barnehagedagen på, som kvart år er i mars månad.

Vårfest (mai)

Før 17-mai har vi vårfest i barnehagen. Her øver vi på 17-mai-sanger og går i tog. Når vi kjem tilbake til barnehagen har vi «17-mai-leiker» ute. Til lunsj et vi pølser med brød og koser oss med ein pinne-is.

Sommarfest (juni)

Ein ettermiddag i starten av juni inviterer vi barna med foreldre og søsken til sommerfest ute i barnehagen. Dette er Daggry sin avslutningsfest for barnehageåret. Her syng barnehagekoret nokre songar, så «takker vi av» førskulebarna og gjer litt stas på dei før dei sluttar i barnehagen. Til slutt vi koser vi oss med mat frå eit stort felles matbord som alle familiar har bidratt til.

Advent og jul

I adventstida ynskjer vi at barna skal få lære om det kristne innhaldet, og kultur og tradisjonar rundt julefeiringa. Dei skal få oppleve ro, kos, forventning, og samhald i barnehagen denne tida.

Vi ynskjer at borna skal få kjennskap til juleevangeliet der Gud viste sin kjærleik til menneska ved at Jesus vart fødd til jorda.

Adventsstund

Vi samlar oss kvar dag til ei kort adventsstund i «Adventskroken» som vi lager på kvar avdeling i barnehagen frå 1. søndag i advent. Der syng vi julesongar, les julefortellingar, opnar adventskalender, tenner lys, mm. Julefest

Vi har julefest på bedehuset for barna med foreldre og søsken. Her viser barna fram julespelet som vi har øvd på i barnehage. Deretter koser vi oss saman med god mat.

Lucia (13. desember)

Kvar avdeling fortel i samling om Lucia, og kvifor vi markerer dagen. Førskulegruppa går Lucia-tog gjennom heile barnehagen og deler ut nydelege Lussekatter som avdelingane har baka.

Nissefest

Denne dagen kjem alle barna utkledd som nissar. Vi har fellesfest i storsalen der vi får besøk av nissen eller ei nissejente/nissegut. Dei brukar å ha med ein overaskelse til alle smånissane. Etter festen et alle nissegraut på si avdeling.

Julegudsteneste

4- og 5-åringane deltek på barnehagegudsteneste saman med dei andre barnehagane i kommunen. På styrarmøtet i kommunen i november, vert det bestemt kva barna skal pynte kyrkja med dette året. (engler / hjerter / stjerner / juletre) Kvar barnehage leverer inn sine figurer ei veke før gudstenesta til barnehagekonsulenten, som saman med repr. frå kyrkja henger opp desse. Julegudstenesta vert arrangert i Vigra kyrkje. Vi reiser med buss til kyrkja.

Julefest med familie

Barna får ta med søsken og 2 vaksne til festen, som vert arrangert av barnehagen, på Valderøy bedehus ein kveld i adventstida kl 18.00.

Invitasjon kjem i Daggryposten for desember, og kvar familie har med eit bidrag til felles kakebord. Program er framføring av julespel og sosialt samver med kaker, kaffe og saft.

Påske

Vi ynskjer å legge vekt på påskebodskapen som ein gledesbodskap.

Å få formidle litt av Guds kjærleik til barna, er visjonen for vår barnehage. Vi legg vekt på at Jesus døde, stod opp av grava, at han lever i dag, og at han er saman med oss sjølv om vi ikkje kan sjå han. Dette gjorde han fordi han er så glad i oss, og dette vil vi glede oss over!

I vekene før påske har vi påskesamlingar og lager påskepynt.

Påskegudsteneste

Vi går til barnehagegudsteneste i Valderøy kyrkje saman med dei andre barnehagane i kommunen. Det er dei to eldste aldersgruppene i barnehagen som vert invitert. Alle barna tek med eit påskeegg som er laga i barnehagen på førehand, og før gudstenesta starter får barna henge opp sitt eg i påsketreet i kyrkja.

Påskefrukost

Før påske inviterer vi foreldre og sysken ein morgon frå 7.30 - 9.00 til å kome og ete frukost i barnehagen saman med barnehagebarnet sitt. På førehand har barna vore med å baka rundstykker.